

Gunnar Skirbekk

*Nobels fredspris – politisk uavhengig?*

Det var å vente. Det politiske establishment har over fleire år og på søvngjengaraktig vis manøvrert seg inn i ein pinleg posisjon. Når dette no er synleg for all verda, bør dei ansvarlege ta dei grep som trengst for å komme ut av uføret. Det bør innskjerpast at Nobelkomitéen held seg til Nobels testamente og at Nobelkomitéen bør vere politisk uavhengig.

*Fredsprisen er ein fredspris, ikkje ein menneskerettspris.* Det står ingenting om menneskerettar i Nobels testamente. Dessutan, det er ikkje slik at det å slåss for menneskerettane alltid fører til fred. Dessverre. Kurt Westergaard (jf karikaturane) slo eit slag for yringsfridom, men det førte ikkje til meir fred. Og av og til, i prekære situasjonar, kan fred etablerast ved tvilsame tiltak. Dessverre. Forholdet mellom menneskerettar og fred er derfor problematisk. Skal innsats for menneskerettane telje ved tildeling av Nobels fredspris, må det påvisast, i kvart tilfelle, at dette faktisk har ført til fred. Og då er det jo slik at menneskerettane er så mangt; det gjeld ikkje berre politiske og sivile rettar, men også sosiale og økonomiske rettar – og det kompliserer saka betrakteleg.

Fredsprisen, i følgje testamentet, gjeld det som vedkommande *har gjort, ikkje* det komitéen håpar og trur at vedkommande *vil oppnå ein gong i framtida*. Heile vegen er det tale om det som er gjort: «... den, som ... *har gjort* den viktigaste upptäckt eller oppfinning» innanfor fysikk, eller tilsvarande innanfor kjemi, fysiologi og medisin, og litteratur, «och ... den, som *har verkat* mest eller bäst för folkens förbrödande och afskaffande eller minskning af stående arméer samt bildande och spridande af fredskongresser» (vår kursiv). Nobelprisen i fysikk eller kjemi blir ikkje gitt med tanke på eventuelle framtidige oppdagingar. Tilsvarande for fredsprisen; på dette punktet er det mangt å seie om tolkinga av teksten, men det står klart at prisen skal tildelast den som «har verkat», ikkje til den som komitéen trur kjem til å verke. (Arafat, Peres og Rabin fekk fredsprisen i 1994, men fred vart det ikkje.)

Dessutan, i den grad fredsprisen blir gitt for å inspirere til vidare innsats, framstår Nobelkomitéen som ein *politisk medaktør* (og prisen får eit sjølvgratulatorisk skjær). Greitt nok, eit stykke på veg; men ved kontroversielle tildelingar er det då ekstra viktig at Nobelkomitéen reelt og formelt framstår som *politisk uavhengig*. Dette krev to grep:

Stortinget må slutte med å oppnemne norske partipolitikarar som medlemmer av Nobelkomitéen (til overmål, ut frå styrkeforholdet i Stortinget).

Norske politikarar og representantar for statsmakta må unngå samrøre, t.d. ved rituelle gratulasjonar i media kvar gong ein eller annan person eller organisasjon er tildelt fredsprisen. Dersom ein vil halde fast på at Nobelkomitéen skal vere politisk uavhengig, må ein avstå frå offisielle ytringar som gir inntrykk av at det er styresmaktene som står bak.

Som alle skjønner: Hadde det politiske establishment hatt klarsyn nok til å leggje desse prinsippa til grunn for fredsprisen, ville mangt ha sett annleis ut. Men heretter, frå no av, må dette rettast opp.

*PS: Kva med Vanunu og Snowden?*

I eit innlegg i Aftenposten 16.12.14 tar Torbjørn Jagland til orde for at det er rett og rimeleg at statsministeren gratulerer den som får Nobels Fredspris.

Kva då dersom prisen vart gitt til Vanunu eller Snowden? Vanunu for sin innsats mot atomopprusting av Israel. Snowden for sin innsats for ytringsfridom - til liks med Liu.

Men kva då med forholdet til Israel? Og kva kunne dette ha betydd for det politiske forholdet til USA? Ville Washington ha tatt det berre som ein høfleg gest?

Det har vori vanleg at det politiske Noreg, med statsministeren i brodden, stiller opp og gratulerer dei som får fredsprisen. Men er det så klokt? Dersom vi ønskjer at fredsprisen skal framstå som politisk uavhengig, bør det ikkje då vere slik at norske styresmakter avstår frå å gratulere dei som får prisen?